



## Utvalde kulturlandskap

Utvalde kulturlandskap Suldal har fått denne nasjonale statusen fordi det er eit særprega kulturlandskap. Det merka nettet av stiar er brukt gjennom generasjonar, frå garden opp til støls og mellom dei mange stølane.



## Selected Cultural Landscapes

Selected Cultural Landscapes Suldal has been granted its national status due to its unique and distinctive cultural landscape. The well-established network of trails has been utilized for generations, connecting the farms to the summer mountain farms (støls) and weaving between the numerous støls in the area.

## Vis respekt for fjellet

Løypene går på gamle stiar eller jordbruksvegar. Turane er middels krevjande, men vegen opp til fjells er bratt. Deler kan vera krevjande i dårlig vær. Mobildekninga i fjellet er usikker. Spar batteriet. Last ned 113-app. Hjartestartar finst på øvste garden og nærmeste til parkeringsplassen.

## Meld frå om husdyr

Ser du sjuke eller daude dyr er det til stor hjelp om du merker deg plassen og gir beskjed til folk på gardane. Noter farge og nummer på øyremerke. Det same gjeld om du ser sauer seinhaupest, etter sanking.

## Varmestova

Turfoldaren gjeld berre dei merka sommarløypene. I tillegg vert det kjørt opp skiløyper. Både sommar og vinter er du velkommen inn i Varmestova som ligg ved Kilavatnet.

Informasjon om overnattning, skiløyper og turforslag finn på [visitsuldal.no](http://visitsuldal.no) og [ut.no](http://ut.no)



Skarstøl, 700 moh. Foto: Annlaug Fludal



Øystøsnutane, 1166 moh. Foto: Annlaug Fludal



## Turkart Hiking

Skattkammeret  
Suldal



**Hamrabøheia** er utmark som hører til Hamrabø på nordsida av Suldalsvatnet. Eideomane på Hamrabø strekker seg høgt til fjells og grensar mot Sauda kommune. Fjellet Skaulen (1538 moh) er høgste punktet i området. Heia var og er viktig livsgrunnlag for gardane. Kvar gard kunne ha fleire stølar og mange uteløper og stakkstenger der høyet vart lagra og henta heim på vinteren. Mange bygningar i heia er tatt godt vare på. Stølslandskapet er ein del av Utvalde kulturlandskap Suldal. Grunneigarar på Hamrabø har sjølv tatt initiativ til og gjort det praktiske ved merking av gamle stiar i heia.



**Hamrabøheia** is an outlying area belonging to Hamrabø, located on the north side of Suldalsvatnet. The properties at Hamrabø extend high into the mountains and border Sauda municipality. The mountain Skaulen (1,538 meters above sea level) is the highest point in the area. The upland area has been and continues to be an important livelihood for the farms. Each farm could possess multiple summer mountain farms (known as stølar) along with various outbuildings and hay poles used for storing and transporting hay during the winter months. Many buildings in the upland area have been well-preserved. The støl landscape is part of the Selected Cultural Landscapes Suldal. The landowners at Hamrabø have taken the initiative themselves and carried out the practical work of marking the old trails in the upland area.

Norsk Landbruksrådgiving Layout: Omega 365 Design



[visitsuldal.no](http://visitsuldal.no) #visitsuldal



**Suldal**

Rute	Route	moh m.s.l	Tidmar Hours	Lengde Distance	Parkering
1 Svinstøl	Svinstøl	625	3	9	Hamrabø (P)
2 Svinstøl-Skarstøl	Svinstøl	700	5	13	Hamrabø (P)
3 Storemyr	Storemyr	640	2,5	8	Hamrabø (P)
4 Borgarbuhaugen	Borgarbuhaugen	760	4	12	Hamrabø (P)
5 Skaro-Kilane	Skaro-Kilane	540	2	4	Hamrabø (P)
6 Høyåsen	Høyåsen	505	1,5	2,5	Hamrabø (P)
7 Vikane **	Vikane	350	2,5	4,5	Hamrabø (P)

\*\*\* turen er krevjande i dårlig vær. This hike is challenging in bad weather.

Avstand er rekna fra (P) på Hamrabø (350 moh).

I Timar/km gjeld rundtur eller tur/retur. Hours/distance includes return.

